


 NAMN:  
 KLASSE:

LÅG ○ MIDDELS ○ HØG ○

Vis i **døme** korleis ein kan **bruke ulike typar rim**.



### 1: Stavingsrim

Stavingsrim har vi når rimorda sluttar på samme måte.

Døme:

**frese – pese**

**bablande – bitande**

### 2: Heilrim

Heilrim har vi når rimorda har heilt lik klang frå siste trykksterke vokal.

Døme:

**rike – fike**

### 3: Halvrim

Vi har to typar halvrim: ufullkommen rim med ulik vokal, men same konsonantending, og ufullkommen rim med lik vokal, men ulik konsonantending.

Døme:

**søvn – klovn**

**mor – sol**

### 4: Bokstavrim

Bokstavrim er rim der trykksterke ord som følgjer nær kvarandre, begynner med same konsonant, konsonantkombinasjon eller ulike vokalar.

Døme:

**Det var en gang i Krarup Kro en pike, som het Karen.**

**Eit fast uttrykk: synd og skam.**

**Eit anna fast uttrykk: vêr og vind**

**Avistittel: Feiande friske finnmarkingar**

**Frå "Trymskvida":  
Vreid var Ving-Tor  
då han vakna**

**Åt Jotunheimen  
Ók Odins son**

**5: Bokstav og lyd**

Vi kan skrive nokre lydar med ulike bokstavar. Det gjelder for eksempel å-lyden.

Døme:

**låve: sove, love, tråve og snåve**

**6: Enderim**

Når stavingsrim er plassert i slutten av verselinjene, har vi enderim.

Døme:

**Eg elsker deg, du elsker meg.**

**7: Midtrim**

Midtrim er når eit ord midt i verselinja rimar med eit ord midt i ei anna linje.

Døme:

**Eg elsker deg meir og meir.  
Du elsker meg mindre og mindre.**

**8: Innrим**

Dersom eit ord midt i ei verselinje rimar med det siste ordet i linja, har vi innrim.

Døme:

**Eg elsker deg, utan at du elsker meg.**

**9: Parrim**

Når to og to verselinjer i eit dikt sluttar på ord som rimar, har vi parrim.

Døme:

<b>Vaarnatten stille og sval</b>	<b>A</b>
<b>favner den slumrende Dal.</b>	<b>A</b>
<b>Elvene nynne de lange</b>	<b>B</b>
<b>dæmpede, dyssende Sange</b>	<b>B</b>

**10: Kryssrim**

Når annakvar linje i eit dikt sluttar på ord som rimar, får vi kryssrim.

Døme:

<b>Du mener det kan ikke være sant</b>	<b>A</b>
<b>så onde kan da ikke mennesker være</b>	<b>B</b>
<b>Der fins da vel skikkelige folk iblant?</b>	<b>A</b>
<b>Bror, du har ennå meget å lære!</b>	<b>B</b>

**11: Omsluttande rim**

Omsluttande rim blir til ved at det siste ordet i den første verselinja rimar på det siste ordet i den siste verselinja. Linjene i midten må også parvis slutte på ord som rimar på kvarandre.

Døme:

<b>Hele kjelleren her er full</b>	<b>A</b>
<b>og alle kaserner har kjeller ved kjeller</b>	<b>B</b>
<b>Vi ligger og venter i stenkaldе celler</b>	<b>B</b>
<b>Vi ligger og råtner i mørke hull!</b>	<b>A</b>